

Sykehuskirken, preste- og samtaletjenesten

KIRKEN er for tiden under ombygging!

Midlertidig kirkerom er Søsterhjemmets kapell som ligger helt sør i 1. etg. i det gamle sykehusbygget.

Det er vanligvis gudstjeneste med nattverd hver søndag kl. 11:00, men kapellet er midlertidig stengt for gudstjenestebruk grunnet smittevern hensyn. Dersom du ønsker nattverd på rommet, kan du si fra til personalet som formidler beskjed til presten.

SAMTALER OG SJELESORG

Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon. Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon.

Presten har taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 1800. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

SØNDAGSHILSEN PÅ NETT

Søndagshilsen ligger også ute på sykehusets internettsider under «Prestetjeneste».



Haraldsplass
Diakonale sykehus



Vil du ha mer informasjon
eller trenger du å snakke med oss?



Tlf: 922 07 527



www.haraldsplass.no
Søk :prestetjenester

Søndagshelsing

15. august 2021

12. søndag i treeningstida

Tema:

Jesus og kvinnene



Pixabay.com

Det er for tiden ikke gudstjenester
i sykehuskirken på Haraldsplass!
Du finner gudstjenester og andre
livssynsprogram på www.kirken.no

12. søndag i treeiningstida

Preiketekst: Lukas 8,1-3

I tida som no kom, drog Jesus omkring og forkynte i byar og landsbyar og bar fram den gode budskapet om Guds rike. Dei tolv var med han, og nokre kvinner som hadde vorte lækte for vonde ånder og sjukdomar. Det var Maria med tilnamnet Magdalena, som sju vonde ånder hadde fare ut av, 3Johanna, som var gift med Kusa, ein forvaltar hos Herodes, og Susanna og mange andre. Med alt det dei eigde, tente dei Jesus og dei tolv.



<http://static.wixstatic.com/>

Jesus og kvinnene

Sjå for deg Jesus vandre omkring i Galilea med eit heilt følge rundt seg, menn og kvinner, barn og gamle. Har du tenkt på at alle desse menneska hadde fysiske behov som også måtte ivaretakast? Dei trong mat og drikke, å kunne vaske seg og gå på toalettet, ta ein kvil i blant og sove om natta.

Når ein tropp flyttar på seg, er det mange funksjonar som også må flyttast på. Kven la til rette for dette? Teksten peikar på dei som hadde ansvaret for hushaldet i heimane på den tida, nemleg kvinnene. Dei tente Jesus og disiplane, ikkje bare reint praktisk, men også med økonomiske midlar. Det var nok ikkje ubetydeleg den innsatsen dei gjorde, sidan dei er nemnde med namn i teksten. Kvinnene gjorde Jesu virke mulig!

Alle menneske er like mykje verdt, og likestilling er sjølv sagt for oss i dag. Men Jesus braut med normer i samtida og løfta fram og verdsette kvinnene på ein oppsiktsvekkande måte. Kanskje det var derfor dei flokka seg rundt han og var så oppofrande i tenesta? Jesus kom med ein revolusjonerande budskap, uttrykt slik av Paulus (Gal 3,28):

Her er ikkje jøde eller grekar, her er ikkje slave eller fri, her er ikkje mann og kvinne. De er alle éin i Kristus Jesus.

God søndag!

**Kristin Løvdøen Hope,
sjukehusprest**